

# **Møtebok Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning**

Tidspunkt: Tysdag 14. november 2018 kl. 2000-2130

Stad: Kommunestyresalen, Odda rådhus

Desse møtte: Eivind Tokheim, Steinar Langesæter, John Helge Rasmussen, Synnøva Sæbø, Ørjan Angell, Ragnar Ystanes

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

**Saker til styremøtet:**

**FUS 30/18: Meldingar**

**FUS 31/18: Referat frå møte 15. mai 2018**

**FUS 32/18: Ny handsaming av søknad om løyve til å fiske med garn**

**FUS 33/18: Oppsummering etter sesongen**

**FUS 34/18: Evaluering av ordninga med garnkort for utanbygdsbuande**

**FUS 35/18: Plan for 2019: feltaktivitetar, tenestekjøp**

**FUS 36/18: Eventuelt**

Eivind Tokheim/s/      Steinar Langesæter/s/

Ørjan Angell/s/

Ragnar Ystanes/s/

Synnøva Sæbø/s/

John Helge Rasmussen/s/

**Kopi til:**

Fjellstyremedlemmer  
Varmedlemmer  
Fjellstyra på Hardangervidda as  
Norges Fjellstyresamband  
Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog  
Odda kommune  
Ullensvang herad  
Hardanger Folkeblad

Merknad til innkalling frå Synnøva Sæbø om at det er seint å starta møtet kl. 2000. Tidspunkt for møte blir vurdert ved oppsetting av møteplanen for 2019.

## **FUS 30/18: Meldingar**

### **Saksdokument:**

2018.05.22-012.1.2.Fellesstyret-Møtebok 15.5.2018  
2018.05.24-001.1.Fellesstyret-Oversending av klage på vedtak  
2018.05.24-612.0-Fellesstyret-Oppmoding om å avslutte jakta 23.9  
2018.05.24-362.1-Fellesstyret-Uttale til søknad om massedeponering  
2018.08.23-001.1-Miljødirektoratet-Avgjørelse i klagesak-søknad om å fiske med garn for utenbygdsboende  
2018.09.13-362.1-Statskog-Tillatelse til å grave grøft for drenering av fukt ved hytte fnr. 9067

### **Saksutgreiing:**

#### **Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak

#### **Referat:**

Eivind Tokheim gjekk gjennom meldingane.

#### **Vedtak (sak FUS 23/18):**

Styret tek meldingane til orientering.

## **FUS 31/18: Referat frå møte 15. mai 2018**

### **Saksdokument:**

31-18 Møtebok Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 15. mai 2018

### **Saksutgreiing:**

Framlegg til endring av praksis for godkjenning av møtebok:

Fjellstyret har hatt som praksis å godkjenne referata på neste møte. Det kan gå fleire månadar mellom kvart møte. Ei godkjenning av referatet etter fleire månadar gir litra mening, slik sekretær ser det, då vedtaka ofte er sett i verk lenge før neste møte. Sekretær foreslår at fjellstyret går over til ei elektronisk godkjenning av referata. Det vil i praksis sei at alle må stadfeste at referatet som blir sendt ut på e-post er korrekt (ved å svare på e-posten). I dei tilfella det blir gjort endringar etter innspel frå styremedlemmene blir referatet sendt ut på nytt, og alle må stadfeste på nytt at referatet er korrekt. Det er i praksis det som

blir gjort i dag, ved at referatet blir sendt ut på høyring til styremedlemmene før offentleggjering, men den formelle godkjenninga av referatet manglar.

### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret endrar praksis for godkjenning av referata i tråd med framlegg i saksutgreiinga.

### **Referat:**

Det var ingen merknadar til referatet frå førre møte.

Det var semje i styret om å endre praksis for godkjenning av referata i tråd med framlegget i saksutgreiinga.

### **Vedtak (sak FUS 31/18):**

Fjellstyret godkjenner referatet frå møte 15. mai 2018.

Fjellstyret endrar praksis for godkjenning av referata i tråd med framlegg i saksutgreiinga.

## **FUS 32/18: Ny handsaming av søknad om løyve til å fiske med garn**

### **Saksdokument:**

- 32-18 Miljødirektoratet si avgjersle i klagesaka
- 32-18 Søknad om garnfiske
- 32-18 Klage på Fellesstyret sitt vedtak

### **Saksutgreiing:**

Fellesstyret avslo ein søknad om garnfiske frå Ingrid Opedal i sak FUS 20/18. Ingrid Opedal klaga på vedtaket, og saka blei handsama på nytt i sak FUS 26/18. Fellesstyret opprettholdt vedtaket, og saka blei sendt til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd. I brev datert 25.7.2018 oppheva Miljødirektoratet Fellesstyret sitt vedtak, og sendte saka tilbake til Fellesstyret for ny handsaming.

Ingrid Opedal søkte i brev datert 8.1.2018 om løyve til å fiske med garn i området rundt steinbua deira i Skålsbotnen. Ho er fødd og oppvaksen på Lofthus, men er no busett i Volda. Familien eig ein eidegom i Opedal på Lofthus, som hytta i Skålsbotnen høyrer til. Foreldra til søkjaren var busett i Ullensvang, og fiska med garn som innanbygdsbuande så lenge dei levde. I fylgje søknaden har søkjær fått løyve til å fiske med garn i åra etter at foreldra døydde. I 2017 fekk dei ikkje kjøpe garnkort, med grunngjevinga at garnfiske berre er tillate for innanbygdsbuande.

Fellesstyret avslo søknaden i sak FUS 20/18 med fyljande ordlyd: «*Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning avslår søknaden frå Ingrid Opedal om løyve til å fiske med garn i området rundt Skålsbotnen, då det ikkje er heimel til å gje utanbygdsbuande rettar som er forbeholdt innanbygdsbuande. Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 28.*

Ingrid Opedal klaga på vedtaket i brev datert 26.4.2018. I klaga blir det oppmoda om å sjå på søkjær som innanbygdsbuande, då dei eig eit hus på Lofthus, har brukt mykje tid og pengar på å halda steinbua i Skålsbotnen i god stand, og at dei betalar både eigedomsskatt og kommunale avgifter til Ullensvang herad. Fellesstyret oppretthaldt vedtaket, og sendte saka til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

I handsaming av klaga legg Miljødirektoratet til grunn at fjellstyret ikkje har heimel til å avvise søknaden med den grunngjevinga at fjellova ikkje heimlar tildeling av garnkort til utanbygdsbuande. Sakshandsamar ser i ettertid at vedtaksteksten i sak FUS 20/18 er noko misvisande. Samtidig blir det i saksutgreiinga gjort greie for at fjellstyret har høve til å gi løyve til garnfiske for utanbygdsbuande. Det blir vist til at dette berre kan skje utan at det går ut over fiskerettshavarane elles og det ikkje kan reknast å vera til skade for fisken i vassdraget (jf. fjellova § 28 3 ledd). Sakshandsamar konkluderte med at dersom søker skulle få løyve til å fiske med garn og oter på lik linje med innanbygdsbuande ville det bety at Fellesstyret må innvilge alle søknadar frå utanbygdsbuande om fiske med garn og oter, og at det difor ikkje kan bli gitt løyve i dette tilfellet.

Sakshandsamar har lagt til grunn at Fellesstyret ikkje har høve til å handsame utanbygdsbuande forskjellig ut frå «tilknyting» til ei bygd som ligg i området der allmenningen ligg eller i bygd eller grens der innbuarane frå gamal tid har utøvd allmenningsbruk i allmenningen. Miljødirektoratet meiner at det kan gjerast ei slik sondering, og sakshandsamar legg dette til grunn for vidare handsaming av saka.

Når det gjeld fjellstyret sitt høve til å gje utanbygdsbuande løyve til fiske med garn under visse omstende, jf. fjellova § 28 3. ledd, viser Miljødirektoratet til at klagar ikkje har eit krav på å få innvilga søknaden. Dette gjeld heller ikkje om vilkåra i høve til andre rettighetshavarar og omsynet til fisken i vassdraget er ivareteke. Fjellstyret kan avslå søknaden etter ei konkret vurdering. Eit avslag må ein ha argumentasjon som viser kva for nokre argument fjellstyret legg vekt på. Vidare skriv Miljødirektoratet: «*Det vil f.eks. kunne være opplysende å vises til retningslinjer utarbeidet av fjellstyret for behandlingen av denne type saker hvor fjellstyret begrunner sin argumentasjon. Vi nevner dette fordi det i saken vises til at fjellstyret har eller kan ha slike retningslinjer.*» Det er uklart for sakshandsamar kva det er Miljødirektoratet viser til når dei skriv at «fjellstyret har eller kan ha slike retningslinjer». Dei einaste retningslinjene Fellesstyret har for handsaming av fiskerettane er fiskereglane for Ullensvang statsallmenning. Punkt 1 i garnfiskereglane definerer kven som kan fiske med garn: «Alle som er busett i Ullensvang og Odda (ikkje Røldal) og har fylt 16 år kan løysa kort for fiske med garn. Garnkort gjeld også for fiske med stong og/eller oter i tilsvarande tidsrom». Ut over dette har ikkje Fellesstyret retningslinjer for handsaming av denne typen saker.

I tillegg til fiskereglane er det opna for sal av inntil 20 vekeskort for garnfiske til utanbygdsbuande for nokre vatn i statsallmenningen (sak FUS 13/18). Fellesstyret vurderer denne ordninga til å ikkje gå ut over fiskerettshavarane elles, og at det ikkje kan reknast å vera til skade for fisken i vassdraget. Denne vurderinga er grunngjeve med at vatna det gjeld er

overbefolka, og at fisket såleis ikkje er til skade for fiskeressursane, og at det talet garnkort for utanbygdsbuande det er opna for (20 vekeskort per sesong) er så lågt at det ikkje går ut over fiskerettshavarane elles.

Fellesstyret har gjennom fiskereglane, og ordninga med garnkort for utanbygdsbuande til nokre av vatna i statsallmenningen, teke stilling til kven som skal ha høve til å kjøpe garnfiskekort på Ullensvang statsallmenning, og kva for nokre vatn utanbygdsbuande skal ha moglegheit til å fiske med garn i. Fellesstyret har ikkje opna for at utanbygdsbuande med særskild tilknyting til bygda kan tildelast garnkort gjennom gjeldande regelverk. Dersom Fellesstyret skal sondere ut søknadar om garnfiske frå utanbygdsbuande ut frå tilknyting, meiner sakshandsamar at det må liggja til grunn retningslinjer for handsaming av slike søknadar der ein til dømes skildrar kva for nokre grupper dette gjeld (kva er særskild tilknyting), kor mange kort som kan tildelast og i kva vatn. Sidan det ikkje ligg føre slike retningslinjer og Fellesstyret ikkje har opna for slik tildeling, meiner sakshandsamar at søknaden bør avvisast.

#### **Framlegg til vedtak:**

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning avslår søknaden frå Ingrid Opedal om løyve til å fiske med garn i området rundt Skålsbotnen.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 28.

#### **Referat:**

Det var semje i styret om å fylja fiskereglane til Fellesstyret, som tilseier at løyve til å fiske med garn er øyremerk innanbygdsbuande. Unntaket er ordninga med 20 stk. vekeskort garnfiske for utanbygdsbuande til nokre av vatna på statsallmenningen, men den ordninga dekker ikkje vatna det er søkt om her. Styret ynskjer at grunngjevinga for avslaget skal stå i vedtaksteksten.

#### **Vedtak (sak FUS 32/18):**

Fellesstyret har ikkje opna for at utanbygdsbuande med særskilt tilknyting til bygda kan tildelast garnkort gjennom gjeldande regelverk. Sidan det ikkje ligg føre slike retningslinjer, og Fellesstyret ikkje har opna for slik tildeling, avslår Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning søknaden frå Ingrid Opedal om løyve til å fiske med garn i området rundt Skålsbotnen.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 28.

Samrøystes vedteke.

## FUS 33/18: Oppsummering etter sesongen

### Saksdokument:

#### Saksutgreiling:

##### Stongfiskekort

Det er selt 231 stongfiskekort for Ullensvang statsallmenning i 2018. Netto omsetnad er 47.512,50,-. Tilsvarande tal for 2017 er 138 selde kort og netto omsetnad 18.891,25,- (tabell 1). Det har vore ein auke i alle kategoriar selde kort utanom sesongkort (tabell 2).

*Tabell 1. Netto omsetnad på stongfiskekort for Ullensvang statsallmenning i 2018.*

	Pris	Tal kort	Netto omsetnad
Døgnkort	100	69	6037,5
2-døgnskort	175	38	5818,75
3-døgnskort	250	44	9625
Vekeskort	350	75	22968,75
Sesongkort	700	5	3062,5
		<b>231</b>	<b>47512,5</b>

*Tabell 2. Selde kort i kvar kategori i 2017 og 2018.*

	Selde kort 2017	Selde kort 2018
Døgnkort	23	69
2-døgnskort	12	38
3-døgnskort	37	44
Vekeskort	58	75
Sesongkort	8	5
	<b>138</b>	<b>231</b>

##### Fellesfiskekortet

Det er selt 397 fellesfiskekort, fordelt på 350 vekeskort og 47 sesongkort. Netto omsetnad er 192.062,50,-. Tilsvarande tal for 2017 er 538 selde kort (406 vekeskort og 132 sesongkort) og netto omsetnad 164.325,-. Fellesstyret sin del av omsetnaden kjem an på fordeling av fiskekortet, som det er ein prosess for å revidere i år. Eidfjord fjellstyre har ikkje handsama saka enno, medan dei tre andre fjellstyrta er samde om å endre fordelinga i tråd med vedtaket Fellesstyret gjorde på førre møte.

Tabell 3. Netto omsetnad for fellesfiskekortet i 2018.

	Pris	Tal kort	Netto omsetnad
Vekeskort	500	350	153125
Sesongkort	1000	42	36750
Sesongkort*	500	5	2187,5
		<b>397</b>	<b>192062,5</b>

\* Sesongkort selde før prisen blei justert fra 500 til 1000,-.

### Garnkort

Det blei selt 145 garnkort i 2018, fordelt på 90 sesongkort og 55 vekeskort. Netto omsetnad var 44.162,-. I 2017 blei det selt 108 garnkort, fordelt på 66 sesongkort og 42 vekeskort til ein netto omsetnad på 26.400,-.

Tabell 4. Netto omsetnad for garnfiskekort i 2018.

	Inatur	Utsalsstadar	<b>SUM</b>
Sesongkort	25	65	<b>90</b>
Vekeskort	16	39	<b>55</b>
Netto omsetnad	<b>12250</b>	<b>31912</b>	<b>44162</b>

### Garnkort utanbygds

Det er selt 10 garnkort for utanbygdsbuande (vekeskort). Kortet blir selt via Inatur, der det ligg ei kvote på 20 kort. Netto omsetnad for dette var 4812,50,-.

### Småviltjakt

Netto omsetnad for sal av jaktkort på småvilt er så langt 34.212,50,-. Det er selt 129 kort, fordelt på 103 dagskort, 23 vekeskort og 3 sesongkort (tabell 5).

Tabell 5. Sal av jaktkort småvilt til og med 5. november.

Dagskort innanbygdsbuande i Ullensvang og Odda	30
Dagskort utanbygds	73
Sesongkort utanbygds	3
Vekeskort innanbygds	15
Vekeskort utanbygds	8

**Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

**Referat:**

Kort gjennomgang av saka. Styret registerer ein auke i sal av stongfiskekort og garnfiskekort samanlikna med 2017.

Fordeling av overskot frå fellesfiskekortet blei diskutert. Det er ikkje semje blant dei fire fjellstyra om ein ny fordelingsnøkkel. Fjellstyreleiarane diskuterer dette på samlinga i Eidfjord kommande veke. Leiarane av Odda fjellstyre og Ullensvang fjellstyre tek med seg signala frå diskusjonen på møtet.

**Vedtak (sak FUS 33/18):**

Styret tek meldingane til orientering.

**FUS 34/18: Evaluering av ordninga med garnkort for utanbygdsbuande****Saksdokument:****Saksutgreiing:**

Jf. vedtak i sak FUS 13/18 skal ordninga med garnkort for utanbygdsbuande evaluerast etter kvar sesong.

Det har blitt gjort ein del endringar på ordninga dei siste åra. Fellesstyret vedtok fyljande ordning frå og med 2018:

Det blir selt inntil 20 vekeskort for utanbygdsbuande (dei som siste året har vore busett i Noreg). Garnkort gjeld for fyljande vatn på Ullensvang statsallmenning, i tråd med dei fiskereglane som til ei kvar tid er gjeldande:

Nedsta Krokavatnet	Kollsvatnet
Midtra Krokavatnet	Skadvatn
Øvsta Krokavatnet	Ambjørgsvatnet
Jakobsbuvatnet	Krokavatnet
Nedsta Bjørnavatnet	Kollstjørn
Øvsta Bjørnavatnet	Sledalsvatnet

Sigridskarvatnet	Oddvyrevatnet
Tuevatna	Nedsta Grøndalsvatnet
Kvennsjøen	Midtra Grøndalsvatnet
Litlosvatnet	

Garnkortet har blitt selt via Inatur. I tråd med vedtaket i sak FUS 13/18 har Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland blitt orientert om ordninga.

Det blei selt 10 kort i år, men ein netto omsetnad på 4.812,50,-.

Av dei 10 fiskarane har 7 rapportert fangst. Det er rapportert inn totalt 496 fisk, med ei samla vekt på 157 kg. Det gir ein snittvekt på 317 gram. Det finns ikkje data for kva vatn det er fiska i. Det er ein svakheit i rapporteringssystemet til Inatur som sakshandsamar vil forsøke å få endringar på til neste sesong.

Sakshandsamar meiner ordninga med garnkort for utanbygdsbuande har fungert bra i 2018. Det har blitt selt færre kort enn det som var tilgjengeleg. Dette kjem nok dels av at tilbodet først og fremst er aktuelt for dei som har hytte i området, eller på ein annan måte har tilknyting til statsallmenningen. Det er første året kortet har blitt selt via Inatur, så ein kan og forvente at fleire kort vil bli selt etter kvart som tilbodet blir meir kjent. Sakshandsamar er ikkje kjent med at det har vore konfliktar mellom innanbygdsbuande og utanbygdsbuande om fiskeplassar eller anna i samband med desse korta. Alt i alt tilrår sakshandsamar at ordninga blir vidareført i 2019.

### **Framlegg til vedtak:**

Ordninga med garnkort for utanbygdsbuande blir vidareført i 2019 med tilsvarande opplegg som i 2018.

### **Referat:**

Ordninga blei diskutert. Styret er positive til å vidareføre ordninga, men ynskjer å sjå på eventuelle endringar i ordninga i samanheng med ein gjennomgang av fiskereglane på Ullensvang statsallmenning. Dette blir teke opp som ei sak på eit seinare møte.

### **Vedtak (sak FUS 34/18):**

Ordninga blei diskutert. Styret er positive til å vidareføre ordninga, men ynskjer å sjå på eventuelle endringar i ordninga i samanheng med ein gjennomgang av fiskereglane på Ullensvang statsallmenning. Dette blir teke opp som ei sak på eit seinare møte.

Samrøystes vedteke.

## **FUS 35/18: Plan for 2019: feltaktivitetar, tenestekjøp**

### **Saksdokument:**

#### **Saksutgreiing:**

Hytta ved Holmavatnet («Øverlandhytta») skal setjast i stand slik at ho kan brukast som utleigehytte frå og med sommaren 2019. Det må pårekna ein del arbeid og investeringar. Fjelloppsynet har sett på ei mogleg ombygging av hytta innvending. Detaljerte planar for dette vil bli laga til vinteren.

Sakshandsamar ser det som naturleg at mest mogleg av tidsbruken på fiskeoppsyn og småviltjakttoppsyn blir lagt til Fellesstyret, då det er her inntektene kjem. Det vil likevel ikkje bli lagt opp til at Fellesstyret går med underskot. Erfaring med tidsbruk til kontorarbeid tilseier at ein del av timane kan flyttast over til feltaktivitetar. Det blir i utgangspunktet lagt opp til eit tenestekjøp om lag på årets nivå (justert for prisvekst). Ein ting Fellesstyret kan vurdere er om det skal brukast ein del tid på å avklare spørsmål knytt til kommunenesamanslåing og framtidig fjellstyrestruktur. Kommunane har gitt tilbakemelding om at dei ikkje vil bruke tid på dette, og det er nok opp til fjellstyra å få avklart det som trengs. Dersom det skal brukast tid på dette vil det i utgangspunktet koma i tillegg til den daglege drifta av fjellstyra. Det kan vera naturleg å legge tidsbruken til dette på Fellesstyret, men ein må då rekne med ein auke i tenestekjøpsbudsjettet samanlikna med 2018.

#### **Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

#### **Referat:**

Det var semje i styret om å setja i stand hytta ved Holmavatnet som skildra i saksutgreiinga. Ein plan for eventuell ombygging innvending med eit kostnadsoverslag blir lagt fram for styret på eit seinare møte.

Fellesstyret sin båt ved Litlosvatnet er i dårlig stand. Ragnar Ystanes syter for at båten blir teken heim i vinter, og gjer ei vurdering om det er mogleg å reparere han.

Jf. diskusjon under Eventuelt om arbeid med fjellstyrestrukturen etter kommunenesamanslåinga var det semje om å belasta Fellesstyret for auka tenestekjøp til dette arbeidet, dersom det ikkje blir tilgjengeleg midlar frå Fellesnemnda.

#### **Vedtak (sak FUS 35/18):**

Oppgåver i felt blir gjort i tråd med referatet, og sekretær tek med seg signala om tenestekjøp for 2019.

## **FUS 36/18: Eventuelt**

Eivind Tokheim orienterte om vedtak i Odda fjellstyre om å delta i arbeidet med å avklare problemstillingar rundt eventuell endring i fjellstyrestrukturen i lag med Statskog, Fjellstyresambandet og Miljødirektoratet.

Eivind Tokheim orienterte om saka om fokusområde som skal takast opp på styremøte i Fjellstyrta på Hardangervidda as 23. november.